Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vår dato: 16.09.2021
Vår ref: 2014/6807
Dykkar dato:
Dykkar ref:

Helge Haukås
Storvikvegen 30
6443 TORNES I ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Steigedal, 71 25 84 80

Dispensasjon til utkøyring av felt vilt ved Gule-Stavikmyrane naturreservat i Hustadvika kommune

Viser til dykkar brev av 14.04.2020, samt synfaring den 15.09.2021, om søknad til løyve for uttransportering av felt vilt med ATV i Gule-/Stavikmyrane naturreservat.

Bakgrunn

Tidlegare har Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gitt jaktlaget løyve til uttransportering av felt hjort i brev av 31.08.2021 (diverre feildatert til 15.09.2020). Etter synfaring med representantar frå jaktlaget for å vurdere toleemne til vegetasjonen i naturreservatet har Statsforvaltaren komme fram til å fatte eit nytt vedtak. Da vil førre løyve av 31.08.2021 falle bort.

Heimelsgrunnlag

Gule-/Stavikmyrane naturreservat ble freda ved kongeleg resolusjon av 13.12.1996. I verneforskrifta pkt. III er verneformålet fastsett slik: *«Formålet med fredinga er å ta vare på ein sentral del av eitt av landets største myrlandskap. Lokaliteten har verdi som nasjonalt typeområde.»*

I pkt. IV, 3 er det fastsett at: «Motorisert ferdsel er forbode.» Det er ingen spesielle unntak eller heimel i verneforskrifta for å kunne gi løyve til motorferdsel i samband med jakt.

Søknaden må difor vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. Denne lyder slik i fyrste ledd: *«Forvaltningsmyndigheta kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Søknaden må også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12, jf. § 7. Prinsippa omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlag (§ 8), føre-var-omsyn (§ 9), samla belastning (§ 10), kostnader for å hindre skade på naturmangfald (§ 11) og miljøforsvarleg teknikk/driftsmetode (§ 12).

Vurdering

På bakgrunn av tidlegare vurderingar var vi på felles synfaring den 15.09.2021.
Trasé 1 går inn over området forbi Vestadvatnet og opp til hytte ved Marstein. Denne trassen er nedfelt i skjønsføresetnadene i Romsdal tingrett sitt erstatningsskjøn 13. juli 1999 og er gitt løyve til å bruke inneverande år. Delar av denne trassen frå vernegrensa til Vestadvatnet er delvis svært blaut.

Trasé 3 greinar av frå trasé 1 aust for Vestadvatnet og går langs køyrespor sørvest mot nordre del av Langvatnet ned til hytte. Denne traséen er ikkje omtala i skjønsføresetnadene. Etter synfaring på denne strekninga frå Vestadvatnet og ned til skogholt ovanfor Langvatnet (merka i kart) er det tørrare rabbar traseen går over. Her vil vi difor godkjenne svært avgrensa bruk avklart i vilkåra under. Det kom fram under synfaringa at jaktlaget har gått til innkjøp av belte til bruk på ATV samt at farta for køyringa tilsvara gangfart for å transportere viltet mest mogleg skånsamt. Statsforvaltaren legg difor til grunn at bruk av belte på ATV samt låg fart vil spare vegetasjonen unaudsynt slitasje og gjer at vi har vurdert saka på nytt.

Statsforvaltaren er godt kjent i området, og reknar kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg i saka (nml § 8). Føre-var-prinsippet (nml § 9) får lite vekt i vurderinga. Vi kan ikkje sjå at løyvet vil gje uakseptabel totalbelastning på Gule-/Stavikmyrane naturreservat eller for myrområda samla sett i fylket (nml § 10). Dersom det skulle oppstå uakseptable køyreskader som følgje av transporten kan Statsforvaltaren pålegge Harøysund jaktvald å utbetre skadane (nml § 11). Bruk av ATV med belte etter eksisterande traktorveg/køyrespor er ein akseptabel teknikk for uttransport av felt hjort .

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir Haukås jaktvald dispensasjon for uttransport av felt hjort med ATV i Gule-/Stavikmyrane naturreservat. Heimel for vedtaket er naturmangfaldlova § 48.

Vilkår

1) Det kan køyrast med ATV med belte etter traktorveg og vidare på køyrespor som vist i kartvedlegg til søknaden på strekninga Vestadremma-Vestadvatnet-Myrsteinen, men ikkje lenger enn til hytta.
2) Det kan køyrast med ATV med belte etter traktorveg og vidare på køyrespor som vist i kartvedlegg til søknaden på strekninga Vestadremma-Vestadvatnet og fram til skogholt nord for Langvatnet (sjå trase i vedlagt kart).
3) Det skal ikkje køyrast i hastigheit høgare enn gangfart inne i naturreservatet.
4) Det skal ikkje køyrast før dyr er skutt. Kvar enkelt tur skal ikkje gå lenger enn det er strengt nødvendig for transport av felt hjort.
5) Talet på turar er avgrensa til tre turar dette året. Etter endt jaktsesong skal jaktlag og forvaltningsmyndigheit ta ei felles synfaring for vurdering av vidare transport av felt vilt kommande år.
6) Utfylt køyrebok og dispensasjon skal vere med på turane. Køyrerapport skal sendast Statsforvaltaren.
7) Dispensasjonen gjeld for jaktsesongen 2021.
8) Køyring må vere klarert med grunneigar.

Klagerett

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker frå det er mottatt. Klagen må vere grunngitt, og skal sendast til Statsforvaltaren. Miljødirektoratet avgjer klagen dersom Statsforvaltaren opprettheld vedtaket. Reglane om klage på vedtak går fram av kapittel VI i forvaltningslova.

Lenke til klageskjema:
https://www.regjeringen.no/contentassets/45b55b2c88e94e79b55b1798053f7ad7/0073b_bokmal.pdf

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
fagleiar naturforvaltning

Hege Steigedal
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
HUSTADVIKA KOMMUNE Tingplassen 1 6440 ELNESVÅGEN